

## Årsmelding A-laget sesongen 2012

Etter ein tung haustsesong i 2011 skulle det dessverre vise seg at den dårlege trenden heldt fram også i 2012.

Vi kan sjølvsagt skulde på dårlege treningsforhold på bana, men det forklarar ikkje på langt nær alt. Frå verken spelarar, trenarar og støtteapparat var ikkje motivasjonen og driven god nok til det som krevs i 4.divisjon. Det kan ein sjølvsagt ta kritikk på, men samstundes må ein stikke fingeren i jorda og sjå kor vi bur. Ein kan ikkje velje og vrake verken av spelarar, trenarar eller støtteapparat.

Sesongstarten vart ikkje slik vi hadde håpa på. Tap mot eit utrena Veitastrand fortalte oss med tydelegheit at vi ikkje var godt nok trente sjølv. Dette viste seg i dei neste kampene der vi sakna det ekstra trøkket som gjorde til at vi klarte å vippe kampene i vår favør. Det var få lag som spelte oss ut(Sogndal 2 var eit unntak)- faktisk var det mange kampar vi burde ha avgjort til vår fordel.

Vårkampene var prega at vi i liten grad klarde å opptre som eit LAG med god moral og evne/vilje til å vinne kvar duell. Det er i ettertid lett å seie at me ikkje var godt nok trena, men det viser seg at dersom ein skal evne å vinne fotballkampar bør ein i utgangspunktet ha betre eller like god kapasitet som motstandarlaget. Treningsmengde og treningskvalitet er viktig! Vi enda vårsesongen med fattige fem poeng.

Sommersesongen var som tidlegare; Gode treningar med godt treningsoppmøte. Grappa var einige i at treningsmengda måtte aukast: Tre og fire økter i veka skulle vere nok til at vi vart betre trena, noko vi følte vi klarte å oppnå. Vi byrja haustsesongen bra og plukka poeng i «søkk og kav». Faktisk byrja vi å drøyme om at vi skulle klare å halde plassen i divisjonen. Med siger i bortekampen mot Lærdal ville vi vere på trygg grunn.... Lærdal si utlikning i sluttminutta medførte at vi MÅTTE vinne mot Balestrand heime i neste kamp. Det viste seg dessverre å vere for vanskeleg i den grad dei kunne berre ligge å tette att bakover. Vi tapte kampen tapte med 2-0 og då var den berømte spikaren i kista sett..

Vi måtte ta den tunge vegen ned i 5. divisjon, noko vi meiner burde vore råd å unngått med ein betre vårsesong.

Arve Helle  
sportsleg leiar

Stian Neset  
hovudtrenar

Runar Aune  
ass.trenar

Eirik Systaddal  
ass.trenar

## STATISTIKK FOR A-LAGET 2012

### Treningskamper:

Høyang – Dale	5-2	Dale – Askøy	5-4
Saga – Dale	5-0	Sogndal 2 – Dale	6-0
Sandane – Dale	2-2	Dale – AHIL	7-2

### Seriekamper:

Dale – Veitastrand	1-2	Veitastrand – Dale	2-3
Sandane – Dale	4-2	Dale – Sandane	2-2
Dale – Kaupanger	1-1	Kaupanger – Dale	2-3
Høyang – Dale	1-0	Dale – Høyang	2-1
Dale – Førde 2	1-2	Førde 2 – Dale	3-0
Skavøypoll – Dale	2-0	Dale – Skavøypoll	3-1
Dale – Sogndal 2	1-2	Sogndal 2 – Dale	9-0
Dale – Lærdal	9-1	Lærdal – Dale	1-1
Balestrand – Dale	5-3	Dale – Balestrand	0-2
Dale – Fjøra	0-3	Fjøra – Dale	3-1
Jølster – Dale	0-0	Dale – Jølster	1-0

### Antal spelte serie- og cupkamper:

Kim Frode Solheim	21
Simen Stølen	20 (48)
Martin Tønning	19
Jan-Anders T. Wichstrøm	19
Runar Aune	18 (43)
Kristoffer Rogne	16 (31)
Henrik Kummeneje	16 (42)
Christopher Skadal	16 (47)
Tommy Holm	14 (49)
Eirik Systaddal	14
Håkon Thuland	13 (23)
Richard Skår	12 (46)
Vegard Vesterås	12 (36)
Magne Hillersøy	12 (46)
Einar Aase	11 (57)
Frank Vik	11
Jonas Døving Nordal	10 (17)
Idar Haugen Rochlenge	9
Geir Loneland	8
Nicolai Macpherson	8 (10)
Vegar Kjos	7 (25)
Kennet Vik	6
Tor Ivar Aase Dale	6
Sander Eikevik Dyrstad	5 (27)
Stian Neset	5
Martin Myklebust	3 (37)
Alexander Høie	2 (14)
Erlend Osland	1
Fredrik Olsen Høie	1 ( 8)
Joakim Rakneberg	1

### Antal scoringar:

Jan-Anders T. Wichstrøm	8
Runar Aune	6
Tommy Holm	4
Frank Vik	3
Simen Stølen	2
Eirik Systaddal	2
Richard Skår	2
Kennet Vik	1
Magne Hillersøy	1
Martin Tønning	1
Nicolai Macpherson	1
Einar Aase	1

Parantesen viser antal kamper for dei som ikkje har spelt 50 kamper.